

Sogndal, 15. januar 2024

### **Uttale til NRK sitt endringsforslag om ettermiddagssendingane**

Sognarådet interkommunalt politisk råd (IPR) er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

NRK Vestland sitt forslag om å slå saman ettermiddagssendingane i Bergen og Førde på radio vil gå utover den kompetansen og satsinga på nynorsk som er etablert gjennom meir enn 40 år. NRK sitt distriktskontor i Førde har heilt sidan oppstarten vore med å bygge opp den største og viktigaste nynorske medieklynga i landet. Distriktskontoret er naturleg nok svært viktig for NRK og har ein stor produksjon av program til riksnettet.

NRK er i dag ein sentral aktør i Nynorskhuset som både har eit redaksjonelt miljø i distriktskontoret og eit fagmiljø i Nynorsk mediasenter. Nynorskpraktikantane på mediasenteret treng mest mogleg sendetid og aktivitet og det får dei ved distriktskontoret i dag. Det vil vera uheldig å byggje dette ned.

Nynorsken treng fleire, ikkje færre innslag og sendingar på riksnettet. Opplæringa i Førde av journalistar som brukar nynorsk er heilt avgjerande for nynorskprosenten i både NRK og avisene rundt i landet. Sogn og Fjordane er i dag einaste dagsending med hundre prosent nynorsk, som treff lyttarane godt med lokalt innhald på nynorsk.

NRK har eit ansvar for å vareta nyhende for distrikta. Fellessendingar med Bergen vil på sikt kunne gjera NRK sitt tilbud mindre lokalt og mindre relevant for folk i Sogn og Fjordane. Om NRK ønskjer å auka ressursane til podkastproduksjon bør ikkje dette gå på kostnad av distriktskontora.

Satsing på nynorsk medieklynge midt i Distrikts-Norge er særskild viktig også for framtida. Sognarådet fryktar at forslaget om samsendingar er starten på ei gradvis nedlegging av distriktskontoret. Sognarådet meiner at i alle høve er det behov for ein brei prosess med involvering og brukarundersøkingar før avgjerd vert teke.

Med helsing

Roy Egil Stadheim, ordførar i Vik kommune og leiar i Sognarådet IPR

Kjell Bøe Bjørgum, ordførar i Aurland kommune

Andreas Wollnick Wiese, ordførar i Luster kommune

Audun Mo, ordførar i Lærdal kommune

Stig Ove Ølmheim, ordførar i Sogndal kommune

Christian Sønstlien, ordførar i Årdal kommune